

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q13	21/38

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Midlar til prosjektering av mindre vegutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett av inntil krone 100.000,- til prosjektering av aktuelle punktutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden kommune i 2021.


Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet ønskte i møte den 15. desember at det vart lagt fram ei sak som handlar om å løyva midlar til mindre prosjekteringsarbeid av punktutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden.

På den måten kan kommunen få på plass ferdige/klare punktutbetringsprosjekt som ein kan leggja fram/ søke til regionale etatar om/når det kjem ekstraordinære midlar eller satsingar på fylkesvegutbetringar.

I Masfjorden er det fleire fylkesvegstrekningar som det kan vera aktuelt å få gjort mindre punktutbetringar. Nedunder er desse vist.



Langs fylkesveg 570 mellom Andåskrysset til Masfjordnes er det løyvd til saman krone 20 million til utbetringar, og her ser fylkeskommunen for seg oppstart vinteren 2021 og fullføring i 2022.

Administrasjonen ser for seg at ein ved bruk av lokale lokale prosjekteringsmidlar bør ha fokus på stadar der framkomsten er dårleg for større køyretøy på grunn av trøng vegbane, krappe svingar og bratt stigning. Stadar som er aktuelle å sjå på i første omgang kan vera langs fylkesveg 379 mellom Kringla (i Gulen) og Hosteland, sidan den vert mykje nytta av større køyretøy til og frå E39. Nedunder er aktuelle stadar vist:

Mollandseid – Reknes: punktutbetring kurvatur

Bergsvik: punktutbetring kurvatur

Eikemofoss: punktutbetring kurvatur

Kalhovda – Furebotn: utbetring vegkantar

Kringla: utbetring flaskehals, rassikring

Vurdering

Ein kan få mykje ut av avgrensa midlar til prosjektering dersom det kjem statlege/ regionale midlar til denne typen punktutbetringer i framtida. Det hender og at ein kan få løyst utfordringar lettare når ein har såkalla «gryteklares prosjekter» i portefølgjen. Dersom det vert løyvd krone 100.000,- til dette er det pårekneleg at ein kan få prosjektert 8 – 12 utbettingspunkt (byggjeteikningar med mengdeoppsett m.v.). Kor tid ein eventuelt kan få realisert utbetringerne er uansett umogeleg å vita.

Formannskapet - 013/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert sett av inntil krone 100.000,- til prosjektering av aktuelle punktutbetringer langs fylkesvegar i Masfjorden kommune i 2021.